



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: S683

Sak nr 7/2014

Møtedato: 15.1.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

## **S 683, Nørre Trøllhøvd – søknad om sel, klage frå Statskog**

Toril Olvik søkjer om å setja opp sel på 60 m<sup>2</sup> (tilsvarar 54 m<sup>2</sup> BRA) på stølen på Nørre Trøllhøvd. Det er lagt med grunnriss og teikningar av selet. Selet er tenkt plassert på same stad som det står ein eldre grunnmur.

Søkjaren dreiv med sauehald fram til januar 2011 og sidan har jorda vore leigd bort. Søkjaren starta opp att med fôringsdyr i september 2013. Stølen skal brukast til beite, og slått. Selet på stølen er opphavleg ei brakke på 23 m<sup>2</sup> (BYA) som vart påbygd på 70-talet. Den er av svært enkel standard og er i dårleg tilstand. Det gamle selet er tenkt fjerna om det blir gjeve løyve til nybygg.

### Støl i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Oppland fylkeskommune har gjeve følgjande uttale i skriv datert 31.10.13:

*Oppland fylkeskommune ved Kulturarvenheten har ingen innvendinger mot oppføring av et nytt sel på stølen, men vil gjøre oppmerksom på følgende:*

*Det må tas hensyn til den strukturen og målestokken som er på setra/seterområdet fra tidligere.*

*Det er viktig å videreføre tradisjonen med hensyn til plassering i terreng, form og materialbruk, da med tanke på valg av bl.a. panel, farge, takutstikk og tekking. Nye seterhus bør videre ha et uttrykk/en utforming som viser når de er oppført, men underordne seg helheten i miljøet.*

Statskog har gjeve følgjande uttale i skriv datert 31.10.13:

*Det har nå kommet ny søknad der forutsetninger for behandling av saken er noe endret. Søker har anskaffet seg foringsdyr i september og skal bruke stølen til beite og eventuelt slått. Status på stølen er etter vårt syn fortsatt ikke i bruk, men ikke falt i det fri. Spørsmålet er om status på stølen kan bli endret til å være i bruk basert på de nærliggende planer som foreligger. Vi overlater til fjellstyre å vurdere om saken skal behandles etter seterforskriften §§ 10 eller 11.*

*Dersom fjellstyre ender med å behandle saken etter seterforskriften § 11, er det kun ordinært vedlikehold som kan gjennomføres uten utvidelse. Om fjellstyre mener at saken skal behandles etter seterforskriften § 10, skal de vurdere behovet for nytt sel ut fra den planlagte drifta.*

*Statskog mener det ikke er behov for nytt husvære på stølen ut fra den planlagte drifta, slik som foringsdyr på beite. Dersom dere allikevel går inn for søknaden anbefaler vi at eksisterende brakke forutsettes fjernet.*

*På bakgrunn av ovenstående fraråder vi fjellstyre til å tillate oppføring av nytt sel på stølen*

I sak 35/13 gjorde fjellstyret følgjande einstemmige vedtak:

*Fjellstyret reknar stølen for å vera i bruk og har behandla søknaden etter §10 i stølsforskrift. Fjellstyret finn at det er behov det omsøkte sel og godkjenner søknaden om bygging av nytt sel. Løyvet er gjeve på vilkår av at det gamle selet blir fjerna.*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.*

*Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.*

I brev datert 14.12.13 oversender Statskog følgjande klage:

*Vi viser til fjellstyrets vedtak i sak 35/2013, datert 28. november, om tillatelse til å bygge nytt sel slik stølsbruker Toril Olvik søker om.*

*Fjellstyret skriver i sitt vedtak at de finner det er behov for det omsøkte selet og godkjenner søknaden om bygging av nytt sel.*

*Bakgrunnen for vår klage er at det kommer ikke fram av vedtaket hvilke vurderinger som er lagt til grunn for at det skal være behov for et nytt sel.*

*Statskog er av den oppfatning at oppstart av foringsdyr ikke fordrer kontinuerlig tilstedeværelse på stølen.*

*Søknaden sier heller ingen ting om hvor mange foringsdyr det er snakk om. Av den grunn mener vi det ikke er behov for nytt sel på stølen.*

I Statskog si uttale datert 31.10.13 frårårar Statskog at det ikkje blir gjeve løyve til nytt sel, men tilrår samstundes at fjellstyret set vilkår om at det gamle selet skal fjernast om løyve likevel blir gjeve. Slik sekundær tilråding må klart oppfattast som at Statskog ikkje vil klage over vedtaket dersom det blir stil vilkår om at gamle selet skal fjernast. Hadde Statskog meint at det ikkje var eit reelt alternativ å bygge selet, skulle dette ikkje vore tilrådd. Fjellstyret gav derfor ikkje nærare grunngjeving for vedtaket. Etter forvaltningslova er det ikkje nødvendig å gi utfyllande grunngjeving dersom det ikkje er grunn til å rekne med klage. Hadde Statskog bedt om ei grunngjeving i ettertid med avbroten klagefrist, kunne fjellstyret ha gjeve utfyllande grunngjeving. Forvaltningsloven er ikkje til hinder for dette. Statskog nyttar i staden klageretten og dette fører til ein lang, unødvendig og byråkratisk saksgang.

Dette er nok eit eksempel på at Statskog misbrukar klageretten i stølssaker. Statskog sin administrative leiar, Øystein Aagesen, har sagt seg samd i at Statskog ikkje skal vurdere storleik på hus. Saksbehandlar i Statskog gjer det likevel, og klagar i tillegg sakene inn til Staten landbruksforvaltning (SLF). Fjellstyret kan ikkje akseptere at den lokal sjølvrådetetten gong på gong blir forsøkt undergraven. Fjellstyret har etterlyst ei endring av stølsforskrift m.a. med tanke på arbeidsfordeling mellom Statskog og fjellstyret. Fjellstyret må ta dette opp med politisk leingi i departementet, slik at det blir fortgang i dette arbeidet.

Fjellstyret har for kort tid sidan ei anna klagesak på ein nabostøl inne til behandling SLF (refnr 201122778-91352). Dette var klage frå Statskog over løyve til å bygge sel på støl som dreiv fôrproduksjon på støl for salg. SLF stadfesta fjellstyret sitt vedtak om å tillate bygging av sel på 70 m<sup>2</sup>. SLF skreiv ... *hvorvidt eierne har behov for utvidelse av selet i denne saken, hvorvidt de har særskilt behov for husvære og hvor lang reiseveg som skal aksepteres, er vurderinger SLF mener hører inn under fjellstyret sitt skjønn.* SLF konkluderte i brev den 5.2.13 med at fjellstyret sitt skjønn var innanfor lov og forskrift. I noverande klagesak gjeld ein støl som har meir intensiv bruk ved at husdyrhald er inkludert og i tillegg blir det søkt om eit mindre bygg. Tidlegare landbruksminister Vedum kommenterte Statskog sin forvaltningspraksis i tidlegare klagesak slik: "Dagens praktisering er helt forgæli". Det er i minst like stor grunn til å seia det i denne klagesaka. Det kan òg nemnast at alle dei andre sakene Statskog har klagt over, har fjellstyret til slutt fått medhald i SLF.

Klage skal etter stølsforskrift sendast til SLF via Statskog. Det vil vera i strid med forvaltningsloven om klagar skal førebu saka før avgjerd i SLF. Om fjellstyret ikkje gjer om sitt vedtak, bør saka sendast direkte til SLF og ikkje om Statskog.

Stølen skal brukast til beite med storfe og Olvik er i oppstart med drifta. Ho dreiv med sau fram til 2011. Olvik kjøpte hausten 2013 kalvar og åringane skal sleppast på beite på stølen til sumaren. Det vil bli kjøpt fleire kalvar til våren. Stølen vil i tillegg bli brukt til fôrproduksjon til eigne fôringsdyr. Spesielt kalvane treng dagleg tilsyn. Avstand til bygda gjer at det uaktuelt å kjøre opp og ned kvar dag og det er i denne samanheng særskilt behov for eit sel. På stølen er det i dag eit sel på 23 m<sup>2</sup>, opphavleg ei brakke. Arealet er for lite til å kunne brukast av ei familie. Stølen skal kunne nyttast i samsvar med tida og tilhøva. Eit sel på 23 m<sup>2</sup> er ikkje etter tida og tilhøva.

Fjellstyret har òg lagt vekt på byggeskikk og kulturlandskap. De nye selet vil passe godt i stølslandskapet, det gjer ikkje den gamle ombygde brakka. Dette gjeld ikkje berre bygget isolert sett, men drift på stølen vil også sikre støls- og kulturlandskapet.

Fjellstyret vidare m.a. har lagt vekt på det som står i som kommentar til §6 og §10 i stølsforskrift:

*Verksemda må vere ein integrert del av hovuddrifta på jordbrukseigedomen til den med bruksrett, og støtte opp om drifta av denne.*

*Den planlagde etableringa må ta omsyn til lokale tradisjonar når det gjeld næring, landskapsbruk, byggeskikk og omsyn til eksisterande natur- og kulturmiljø. Ein skal òg leggje vekt på om etableringa sikrar levande setre og ei seterkultur for framtida.*

*Søkjaren sine planar skal innebere dyrehald i allmenningen sommartid, og at nokon jamleg er til stades på setra i denne tida.*

*Generelt er det både for nybygg og endringar av eksisterande bygg eit vilkår at bygningane følgjer lokale setertradisjonar og er tilpassa kulturlandskapet sin eigenart.*

Torill Olvik har i e-post den 15.1.14 gjeve følgjande tilleggsopplysningar: *Viser til telefonsamtale. Som sagt har eg så smått starta opp med foringsdyr. Eg tenker å kjøpe fleire spekalvar (nyfødde) til sommaren. Åringane skal beite jordet, og spekalvane skal vera inne i gamle fjøset til eg kan ha dei ut. Spekalv skal ha*

*mjølk tre gonger dagleg i seks-sju veker, deretter gradvis over på kraftfor. Det betyr då at dei må ha tilsyn/stell 3 gonger dagleg over sommaren.*

*Dette med dagleg stell og tilsyn er vel sikkert opplagt informasjon for Statsskog og Statens landbruksforvaltning, men sender det likevel med så dei ser korleis planene mine er.*

**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret opprettheld vedtak i sak 35/13 og oversender saka direkte til SLF for avgjerd. Grunngeving for vedtaket går fram av sakutgreiinga, men kan presisere at det er ikkje mulig å gjennomføre ei drift med husdyrhald som krev dagleg tilsyn utan at det er tilfredstillande husvære. Andre viktige moment går m.a. fram av dei tre siste avsnitta av saksutgreiinga.

**Vedtak:**

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.1.14

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Toril Olvik  
Statens landbruksforvaltning  
Statskog  
Vestre Slidre kommune